



Nett i tide - utvikling av strømnettet - høyringssvar frå Hjordal kommune

Saksnr	Utvalg	Møtedato
43/2022	Formannskapet	05.09.2022

Kommunedirektøren si innstilling:

Hjordal kommune sitt høyringssvar framgår av saka, under saksopplysninger

Vedtak i Formannskapet – 05.09.2022:

Hjordal kommune sitt høyringssvar framgår av saka, under saksopplysninger

Handsaming i Formannskapet – 05.09.2022:

Ordfører orientera kort

Votering: einstemmig vedtatt

Saksopplysninger:

Hjartdal kommune støttar Naturressurskommunene og LVK sin vurdering av utreiinga: Naturressurskommunene er tilfredse med at et enstemmig utvalg påpeker behovet for større involvering av berørte kommuner, og på et tidligere tidspunkt i nettselskapets planlegging av nytt nett. Det vises blant annet til at der det har vært «ingen eller lite kontakt med kommunen og berørte interesser i forkant av søknad, kan det få konsekvenser for den vidare prosessen.» I kap 13.4, Tidlig involvering og grundig forarbeid, heter det:

Tidlig involvering av berørte parter i regi av nettselskapene legger grunnlaget for gode søknader og utredninger, raskere framdrift og økt lokal aksept for nye nettanlegg. Utvalget mener at NVE i veileder bør stille krav til nettselskapenes forarbeid og kontakt med berørte interesser i forkant av innsendelse av meldinger og konsesjonssøknader. Grundig forarbeid, gode utredninger og involvering kan redusere behovet for tilleggsutredninger og tilleggssøknader, og føre til færre klager på konsesjonsvedtak. Gjennom dialog skapes tillit til at prosessen fører til de beste løsningene for samfunnet som helhet, selv om ikke alle parter nødvendigvis vinner fram med sine innspill. Utvalget mener at kommunene bør informeres av nettselskapene om saker som berører dem, før de mottar saken på høring fra konsesjonsmyndighetene. Utvalget anbefaler at nettselskapene ser sine planer opp mot kommunenes arealplaner så tidlig som mulig, og vurderer eventuelle tilpasninger før konsesjonssøknad sendes. Utvalget mener dette forslaget tar kort tid å innføre, krever ingen regelverksendringer og forventes å bidra til redusert konflikt og tidsbruk i den senere prosessen. Samlet redusert tidsbruk forventes av utvalget å kunne bli opptil 2 år i større saker.»

Utvalgets anbefalinger er i tråd med de innspill Naturressurskommunene og Vindkraftkommunene har fremmet for utvalget som medlemmer av utvalgets referansegruppe.

Vidare har kommunen nokre utfyllande kommentarar til dei tre tema som straumnettutvalet i sitt mandat er bede om å utreie.

1. Tiltak for å redusere tiden det tar å utvikle og konsesjonshandsame nye nettanlegg

Utvalet meiner det er gode grunnar til å halde på ordninga med KVVU og ekstern kvalitetssikring for store nettanlegg.

Kommunen støttar forslaget om tidleg involvering i KVVU-arbeidet og at dette kjem tydeleg fram i KVVU-retteiinga. Val av konsept er minst like viktig som utvikling av ei vald løysing når ein skal vurdere konsekvens for lokale interesser, inkludert inngripen i natur. Dersom kommunen fyrst vert involvert ved høyring av melding eller konsekvensutreiing, kan viktige retningsval allereie vore tatt. Sein involvering kan, som utvalet nemner, resultere i omkampar eller ei løysing som ikkje er samfunnsøkonomisk optimal. Lokalkunnskap, som kjennskap til noverande situasjon og framtidige planar, er heilt essensielt i ei samfunnsøkonomisk analyse som igjen er grunnlaget for val av konsept. Ein kan ikkje vente at ein nasjonal aktør, som til dømes Statnett, skal sitte med slik lokalkunnskap i eigen organisasjon.

Utvalet meiner at Statnetts områdeplanar kan vera ein del av ei positiv vidareutvikling av ordninga med kraftsystemutreiingar. I forbindelse med utarbeiding av områdeplanen gjennomfører Statnett regionale dialogmøte. Utvalet meiner regionale dialogmøte kan bidra positivt til tidleg forankring hos interessentar, slik som til dømes lokale og regionale myndigheiter, av behov for å gjere tiltak i straumnett.

Kommunen støttar utvikling av regionale områdeplanar som eit supplement til KVU. Gode områdeplanar vil truleg plukke opp moglege konflikhtar med lokale interesser på eit tidleg stadium slik at ein har moglegheit til å tilpasse tiltak utan store kostnader.

2. Prinsipp for å ivareta ein samfunnsøkonomisk utvikling av straumnett i ei tid med stor usikkerheit om forbruksutviklinga

Utvalet anbefalar at nye kundar som reserverer kapasitet i eksisterande nett skal betale ei løpande avgift ut frå storleik på reservert kapasitet.

Kommunen støttar dette tiltaket. Ei slik avgift vil gjere at kundar vert meir reserverte med å tinge ekstra kapasitet som dei kanskje vil trenge ein gong i framtida. Kapasiteten kan då nyttast til kundar som har faktiske behov og ein vil få ei meir optimal utnytting av straumnett.

Utvalet har peika på at ein bør streve etter å utnytte eksisterande infrastruktur før ein byggjer ut nytt straumnett.

Kommunen støttar dette forslaget. Ein måte å oppnå dette på er å leggje kraftkrevjande industri nær produksjon der det er mogleg. Det er mange fordelar med å nytte krafta nær kjelda. Ein vil redusere tap i nettet samtidig som det minskar behovet for større utbyggingar av nettet med dei økonomiske og miljømessige konsekvensane det har.

Utvalet meiner distribuert produksjon er nyttige ressursar for energibalansen. Brukt på riktig måte, og i kombinasjon med energilager, kan det bidra til å redusere behovet for større nettinvesteringar.

Kommunen støttar dette tiltaket. Det er forståeleg at det vil vera eit aukande behov for kraft på større industriplassar for å konvertere til meir miljøvenlege energikjelder. I dei tilfella der desse industriplassane ikkje er i nærleiken av dagens produksjon av kraft, bør ein søke å fylle dette behovet med ny kraftproduksjon, til dømes havvind, som i mange tilfelle uansett treng utviding av straumnett for å koplast saman med forbrukarar.

3. Moglege forbetringar i systemet med tilknytingsplikt

Nettselskapa har plikt til å opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande. Tilknyttingssakar skal etter dette prinsippet handsamast i den rekkefølga dei kjem inn. De er ulik praksis mellom nettselskapa i kva fase kapasitet vert reservert til kunden. Utvalet anbefalar at lister med oversikt over reservert kapasitet ikkje skal vera konfidensielle.

Kommunen støttar dette tiltaket. Dette vil gjere tilknytingsprosessen meir transparent og auke tilliten til prosessen.

Utvalet anbefalar vidare at prinsippet «først i tid, best i rett» vert halde på, men med tydelege krav til mognad for å koma inn på lista. Utvalet anbefalar ikkje prioriteringskriterium basert på spesifikke kundegrupper eller fastsette politiske målsetningar.

Kommunane vil peike på at eigarar av vasskraftverk pliktar å levere ein del av krafta som vert produsert til kommunane som vedkjem kraftutbygginga. Plikten til å avstå konsesjonskraft gjeld kraftverk som nyttar vatn regulert etter vassdragsreguleringslova eller vassfallrettslova. Retten til konsesjonskraft må difor vege tungt i tilknytingsprosessen. Ein har tilfelle der kommunar ikkje får nytta konsesjonskrafta si då all overskotskraft frå området er lova bort til straumforbrukarar i andre kommunar lenger unna kraftkjelda

Konklusjon:

Viser til tilråding i saka.